

ÅRSRAPPORT 2 0 1 1

STATENS
BYGNINGSTEKNISKE
ETAT





STATENS BYGNINGSTEKNISKE ETAT I 2011

Vi i Statens bygningstekniske etat har lagt eit svært krevjande år bak oss.

Regjeringa sitt vedtak om flytting av avdelinga for sentral godkjenning til Gjøvik har sett eit sterkt preg på verksemda i året som gjekk. Det har vore utfordrande for dei direkte råka, kollegaer, dei tillitsvalde og leiinga. Det har vore viktig å ivareta dei medarbeidarane som vart omfatta av vedtaket, på ein best mogleg måte. Det har også vore viktig å redusere skadeverknadane for brukarane av ordninga med sentral godkjenning, men det er liten tvil om at kapasitet og kompetanse vart skadelidande ein periode. Det er godt å konstatere at vi no er godt etablert på Gjøvik og at ordninga fungerer.

Også terrorangrepet 22/7 sette sitt preg på etaten, både medarbeidarar og lokale. Ingen av våre medarbeidarar vart alvorleg skadde i eksplosjonen, men det gjekk hardt ut over lokala. Etter to veker kunne vi ta lokala i bruk igjen, om enn sterkt prega av skadane. Før hendingane hadde vi inngått leigekontakt i Mariboegate, og vi kunne flytte til nyoppussa og funksjonelle lokale i desember. Også avdelinga på Gjøvik kunne flytte inn i tilsvarende lokale sentralt før jul.


Året 2011 har også vore prega av betydelege interne utviklingsprosjekt i tillegg til flytteprosessane. Det er utvikla eit nytt strategisk grunnlag, nytt namn, grafisk profil og nye nettsider. Så frå 1.1.2012 er namnet endra til Direktoratet for byggkvalitet.

Også dette året har vore prega av nytt bygningsregelverk. 1. mars lanserte vi "Byggjereglar på éin stad" med rettleiing til forskriftene. Denne har blitt godt mottatt og er under stadig utvikling. Det har vore betydeleg offentleg debatt om regelverket, og departementet vedtok enkelte endringar. Dette har medført behov for endringar i både rettleiing og ByggSøk. Også innføringa av reglane om obligatorisk kontroll har fått betydeleg merksemd, også frå næringa. Det vart utarbeidd ein tilpassa rettleiar for dette, mens standardiseringsarbeidet stansa opp.

Takka vere stor innsats frå medarbeidarane har etaten i hovudsak nådd dei måla som var sette i tildelingsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Oslo, 30. mars 2012

Morten Lie
direktør




1. Overordna måloppnåing

I tildelingsbrevet er det peika på nokre særlege satsingsområde. Desse har vi valt å risikostyre gjennom året:

- Medverke til god implementering av nytt bygningsregelverk i kommunar og byggjenæring. Etaten skal gje god informasjon og rettleiing.
- Førebu gjennomføring av ei trygg og effektiv utflytting av avdeling for sentral godkjenning til Gjøvik, og vidareutvikle og tilpasse nytt IKT-system for sentral godkjenning.
- Gje gode bidrag til melding til Stortinget om bygningspolitikken.
- Følgje opp resultat og kompetanse frå samarbeidsprogramma med byggjenæringa
- (Byggjekostnadsprogrammet og Byggjemiljø).
- Førebu nye forskriftskrav til energi gjennom innhenting av utgreiingsoppdrag og konsekvensanalysar.

Risikovurderingane ved inngangen til året viste til dels høg/kritisk risiko for manglande måloppnåing. Det har jamleg blitt rapportert til departementet i styringsmøte, og vi har arbeidd med risikoreduserande tiltak. Det ser ut til at dei vurderingane som vart gjort tidleg, var rette. Vi ville ikkje nådd same grad av måloppnåing utan denne risikostyringa.

Medverke til god implementering av nytt bygningsregelverk i kommunar og byggjenæring. Etaten skal gi god informasjon og rettleiing.




Illustrasjon på utvikling av risikovurdering frå arbeidsplanen til status 4.kvartal.

Den elektroniske rettleiinga "Byggjereglar på éin stad" som vart lansert 1. mars, er eit viktig og tilgjengeleg hjelpemiddel for brukarane i kommunane og byggjenæringa.

Sein fastsetjing av forskriftsendringar ville påverke tilgjengeleg tid for implementering. BE kunne i liten grad påverke denne framdrifta.

Prosjektet "Implementering av uavhengig kontroll" er viktig for å sikre at god informasjon når brukarane. Det er etablert eit felles samhandlingsforum for kommunar og næring, i tillegg til at det vart planlagt opplæringsstiltak mot ulike grupper av brukarar.

Førebu gjennomføring av ei trygg og effektiv utflytting av avdeling for sentral godkjenning til Gjøvik, og vidare utvikle og tilpasse nytt IKT-system for sentral godkjenning.




Illustrasjon på utvikling av risikovurdering frå arbeidsplanen til status 4.kvartal.

Pr. 31.12. var det 17 tilsette ved avdelinga. 4 seniormedarbeidarar frå Oslo er knytt til den nye avdelinga. Oppbygging på Gjøvik skjedde raskare enn forventa. Nytt IKT-system for sentral godkjenning har fungert tilfredsstillande i 2011, men vi er framleis sårbare etter at ein medarbeidar slutta.

Foreløpige kontor plassar kom på plass 1. september. I midten av desember kunne sentral godkjenning flytte inn i nye lokale på Gjøvik.

Gje gode bidrag til melding til Stortinget om bygningspolitikken.




Illustrasjon på utvikling av risikovurdering frå arbeidsplanen til status 4.kvartal.

Innspela til arbeidet er stort sett gitt i tråd med bestillingane, men det har vore vanskeleg å finne tilstrekkeleg med tid og ressursar til dette arbeidet.

Særlig i dei tidlege fasane har det vore ei utfordring å skrive korte og tydelege bidrag. Det vart enklare etter kvart som utkastet til stortingsmeldinga utvikla seg.

Følgje opp resultat og kompetanse frå samarbeidsprogramma med byggjenæringa (Byggjekostnadsprogrammet og Byggmiljø)




Illustrasjon på utvikling av risikovurdering frå arbeidsplanen til status 4.kvartal.

Begge samarbeidsprogramma er følgde opp i eit generelt samspel med næringa.

Resultatet av byggjekostnadsprogrammet var indirekte fagleg bakgrunn for innspel til stortingsmeldinga.

Byggmiljø.no er vidareført som ein del av verksemda sine websider. Det vart etablert ei redaksjonsgruppe med brei deltaking frå næringa.

Førebu nye forskriftskrav til energi gjennom innhenting av utgreiingsoppdrag og konsekvensanalysar.



Illustrasjon på utvikling av risikovurdering frå arbeidsplanen til status 4.kvartal.

Det er utarbeidd eit prosjektforslag som ser på korleis energireglane kan utviklast mot 2020.

Den moglege revideringa av reglar i 2013 vart utsett.

Ferdigstilling av planen og nødvendig utreiing i samband med kommande forskriftsendring avventar prinsipielle avklaringar mellom BE og KRD om innretting og framdrift.



2. Fagleg rapportering

Ein kortfatta rapport om det faglege arbeidet til etaten og resultatane følgjer nedanfor, sortert etter den målstrukturen som er gjeve i departementet sitt tildelingsbrev. Einskilde arbeidsoppgåver er dekt av fleire arbeidsmål. For informasjon om status på detaljnivå viser ein til vedlegg frå BE Arbeidsplan 2011 med statusindikasjon på alle prosjektområda.




Hovudmål 3: Byggjeprosessen skal vere god og effektiv

Arbeidsmål 3.1 Meir brukarvenleg og målretta byggjesakshandsaming

Implementering av nytt regelverk

BE har støtta KRD med utarbeiding av forslag til endringar i SAK og TEK, og følgd opp med rettleiing og informasjonsmateriell.

God iverksetjing av nye reglar har som føresetnad at aktørane har tilgang til god informasjon. Rettleiing til TEK10 og SAK10, ein webbasert rettleiar som vi har kalla "Byggjereglar på éin stad", vart publisert 1. mars. Den inneheld rettleiing og rundskriv til bygningsdelen av plan- og bygningslova og forskriftene til denne, med lenker til lov, forskrift, temarettelegingar, standarder, byggdetaljblad og annan relevant litteratur. Rettleiinga vil bli oppdatert ved behov. "Byggjereglar på éin stad" fekk god mottaking og kom raskt i omfattande bruk. Mellom åtte og ti tusen brukarar nytta nettløysinga kvar veke etter opstart.



Oversikt over brukarar av den nye nettsatsinga "Byggjereglar på éin stad"

Etter at statsråden varsla nye reglar knytt til søknadsplikt for å pusse opp bad i eksisterande bygg, har BE m.a. gjeve ut ein eigen våtromsblankett og gjeve rettleiing om bruk av sjølvbyggjarregelen for slike arbeid. Det er i samarbeid med departementet gjort avklaringar om kvar grensa for søknadsplikta går for arbeid på våtrom i eksisterande bygg. BE har fått mange spørsmål om forståinga av regelverket for våtrom, og det er brukt mykje ressursar på rettleiing i samband med dette. Det er i samarbeid med KRD blitt helde møte med representantar for byggjenæringa, kommunar og fagmiljøa for å få innspel til endring av reglane for oppussing av våtrom i eksisterande bygg.

Kurs og konferansar

Deltaking på kurs og seminar er ei viktig oppgåve som gjer oss i stand til å søkje etter og dele kunnskap. Relevante innspel vert tekne med vidare i BE sitt utviklingsarbeid.

Den årlege konferansen "BE dagane" vart gjennomført med nær 400 deltakarar frå 162 kommunar og verksemder. Årets gjennomgåande tema var nasjonale satsingar i bygningspolitikken, energieffektiv bygningsmasse, bygningsinformasjonsmodellar (BIM), avfallsreduksjon og kjeldesortering samt universell utforming. Konferansen vart videooverført direkte på nett, noko det var stor interesse for. Foredraga er tilgjengelege i etterkant både med presentasjonar og video.

Aktivitetsnivået for eksterne foredrag og konferansar er ikkje vesentleg endra. Et arbeid for betre koordinering og prioritering i informasjons- og foredragsverksemda er sett i gang.

Det blei arrangert Passivhuskonferanse 15. juni for 600 deltakarar, arrangert av SINTEF Byggforsk, Enova, Husbanken, BE, Lavenergiprogrammet, NAL/Ecobox, Future Built og FBA (Tekna/NITO). Kunnskapsspreiing er viktig, og seminaret var eit glimrande eksempel på at kunnskap blir søkt etter og delt.

Statens bygningstekniske etat (BE) inviterte 6. mai bransjeorganisasjonane og større bustadsprodusentar til dialog for å diskutere korleis krava om universell utforming i teknisk forskrift fungerer i praksis. Saman med andre innspel vil ein del av forslaga bli innarbeidd i neste versjon av rettleiing til teknisk forskrift.

Prosjektimplementering av uavhengig kontroll

Det er avgjort at reglane om uavhengig kontroll først trer i kraft 1. juli 2012. Det ga oss høve til å førebu kommunane og næringa på dei nye reglane. Etaten hadde eit større prosjekt for implementering av uavhengig kontroll. Prosjektet omfattar fem delprosjekt som er inndelt i regelverk, godkjenning, næring, kommune og utvikling av resultatindikatorar. Som ein del av arbeidet med iverksetjinga er det etablert ein ny møteplass mellom byggjenæringa og myndigheitene – Kontaktforum for kontroll. Forumet omfattar kommunar og kommunane sine organisasjonar, samt bransjen sine organisasjonar og representantar frå takstnæringa. Det er utvikla ein temarettleiar og ei basispakke for opplæring.

ByggSøk-byggjesak

ByggSøk-byggjesak 2010 har vore i full drift heile året, men integrasjonen mot eksterne system var ikkje operativ før i andre halvår. Det er no lagt til rette for samspel mot kart med basis i ny Geointegrasjonsstandard. Før jul kunne dei første kommunane tilby brukarane kartløyving via ByggSøk.

Framleis er det mange kommunar som ikkje har oppgradert sak-/arkivsystemet sitt, og som derfor ikkje kan nytte elektroniske søknadar fullt ut. Bruken av elektronisk innsending av søknad har vokse betydeleg. I siste halvår har 25 % av alle søknadar frå ByggSøk-byggjesak 2010 blitt sendt elektronisk til kommunen.

I februar tok BE tilbake ansvaret for å utforme byggjesaksblankettar. Det vart etablert eit nytt blankettutval under BE. Alle byggblankettane har sidan 1.3.2011 vore tilgjengelege gratis på BE si heimeside som passive papirblankettar. I slutten av august vart den nynorske versjonen av ByggSøk-byggjesak ferdig, og i løpet av hausten er alle byggblankettane omsette til nynorsk.

ByggSøk-plan

På oppdrag frå MD vart det etablert eit brukarforum for ByggSøk-plan tilsvarande blankettutvalet for ByggSøk-bygning. Dette forumet har etterlyst tydelegare mandat før ytterlegare aktivitet. Det vart i løpet av sommaren klart at MD ikkje kan finansiere vidare drift av ByggSøk-plan.

Ei styrt avvikling skal gjennomførast, og det er sett av finansiering for å tilretteleggje dokumentasjon og kjeldekode for andre aktørar som kan drifte ByggSøk-plan vidare. Mellom anna Oslo kommune har vist stor interesse for dette.

ByggSøk-informasjonsarbeid

ByggSøk-byggjesak er no så godt innarbeidd hos brukarane at verksemda for marknadsføring er trappa vesentleg ned. For 2011 har fokuset vore retta mot kommunane slik at desse kan få betre rettleiing med omsyn til gjenbruk av data i saks- eller arkivsystema sine.

Det har vorte gjennomført ei rekkje samlingar hos dei ulike fylkesmannsembeta for å få informasjon ut til kommunane om ByggSøk-plan.

Strategi for framtidig utvikling og drift av ByggSøk

Det har vore arbeidd med å få fram ein robust strategi for ByggSøk. Asplan Viak fekk oppgåva, og rapport med kartlegging, analysar og forslag vart lagt fram i juli. Rapporten danna grunnlaget for strategien som skulle drøftast med KRD. Rapporten tilrår at ByggSøk vert etablert på Altinn. Det har vore gjennomført to møter med Altinn der det er semje om å arbeide mot ei slik løysning.

Måлтаlet for mengda av søknader laga på ByggSøk var noko høgare enn årsresultatet, medan prosentdelen av alle byggjesaker vart noko høgare enn målet. Det er framleis stort avvik mellom måлтаlet og resultat for tal på elektronisk innsende søknader, men vi ser ei svært positiv utvikling frå 2010, som også har auka ytterlegare i andre halvår. Det er totalt registrert 289 kommunar i ByggSøk, av desse er 210 i drift, medan 79 kommunar testar. Vi

ser at talet på kommunar har auka etter at integrasjon mot saks- eller arkivsystem har kome på plass.

ByggSøk	Resultat 2010	Måltal 2011	Resultat 2011
Søknader laga på ByggSøk Bygg	48 758	70 000	62 493
Søknader laga på ByggSøk Bygg som er sende inn elektronisk	7 000	20 000	12 636
Delen av byggjesaker totalt handsama i ByggSøk	-	60 %	62 %
Talet på kommunar som tar imot byggjesøknader elektronisk	218	300	289

Standardisering nasjonalt og internasjonalt som omhandlar elektronisk samhandling

I koordineringsutvalet for elektronisk samhandling har det vore liten aktivitet, men betydeleg utskifting. Det vert no oppretta eit revidert mandat og nytt namn: Offentleg sektors forum for elektronisk samhandling i BAE-sektoren (ESAM).

BE har framleis engasjementet i den internasjonale standardiseringa, med særleg vekt på etablering og bruk av opne internasjonale standardar for digitale bygningsinformasjonsmodellar (BIM). Arbeidet skjer bl.a. i organisasjonar som Standard Norge, ISO, BuildingSMART (nasjonalt og internasjonalt). ISO har vha. finansiering frå BE sett i gang avstemming mellom BuildingSMART og BIM til full ISO-standard.

BE har deltatt på møter i buildingSMART International for open BIM (Building Information Modeling), og ISO (International Organization for Standardization) TC (Technical Committee) 59 / SC (SubCommittee) 13; *Buildings and civil engineering works*. BE har også som anerkjende ekspertar vorte inviterte til Australia og Singapore.

Arbeidsmål 3.2 Auka seriøsitet og færre byggjefeil i byggjenæringa

Drift av ordninga Sentral godkjenning for ansvarsrett

Som ein konsekvens av flyttevedtaket hausten 2010 har arbeidet ved avdeling for sentral godkjenning i siste halvdel av 2011 vore prega av nedbygging i Oslo og nyetablering på Gjøvik. Konsekvensen av dette var blant anna at saksbehandlingstida auka og tilgjengelegheita vart mindre.

I denne fasen valde vi å prioritere nye søknadar og fornyingar. Overgangsperioden har vorte løyst med midlertidig bruk av innleidde ressursar. Denne prioriteringa har gått ut over tilsynsfunksjonane, der arbeidet med dokumenttilsyn er betydeleg redusert og statleg tilsyn i praksis har stansa opp fram til tilsynsaktiviteten på Gjøvik kjem ordentleg i gang.

Mål	Resultat 2010	Resultat 2011
Førstegongssøknad	1 990	2 598
Endringar	510	826
Fornyingar	3 500	2 323
Kommunale meldingar	800	1 232
Klager inn	50	173
Tal på årsverk	23	20

Saksbehandlingstid og restansar for søknader om sentral godkjenning er derfor no under relativt god kontroll og ligg godt innanfor forskriftskravet på fire veker.

Oppbygging av sentral godkjenning på Gjøvik

Det er inngått ei leigeavtale for lokale i Gjøvik sentrum, strategisk plassert i høve til offentleg kommunikasjon og med kort avstand til Høgskulen på Gjøvik. BE har frå før ein samarbeidsavtale med høgskulen om etablering av eit laboratorium for universell utforming i Mustad Næringspark. Planlagt opning av laboratoriet er januar 2012. Arbeidet med total rehabilitering av lokala i Gjøvik vart ferdigstilt medio desember 2011.

I september vart det tilsett ein ny avdelingsdirektør ved avdelinga på Gjøvik, og pr. 31.12. var det 17 tilsette ved avdelinga. 4 medarbeidarar frå Oslo er knytt til den nye avdelinga, der éin har flytta med og tre har ein senioravtale med delvis frammøte på Gjøvik. Avdelinga har vore gradvis aukande operativ på Gjøvik frå september og mot årsskiftet.

Dei viktigaste suksesskriteria for avdelinga i 2012 vil vere å rekruttere ytterlegare 4-5 medarbeidarar og vidareutvikle dei 17 som var tilsette ved avdelinga pr. 31.12 2011.

Det er ein risiko for at det blir tyngre å tilsetje dei siste med bakgrunn i at merksemda rundt nyetableringa på Gjøvik er i ferd med å minke, og at etterspurnaden etter dyktige medarbeidarar generelt er stor.

IKT-system for sentral godkjenning

Nytt IKT-system for sentral godkjenning har fungert tilfredsstillande i 2011, men det vil vere behov for sikrere integrasjon mot arkivsystemet. Tilsynsmodulen vart ikkje ferdig utvikla i 2011, og modul for klagesaksbehandling er ikkje starta opp.

Utviklingsarbeid som ikkje vart fullført i 2011, må vidareførast i 2012 for å tryggje effektiv og rask saksbehandling.

Klagenemnda for sentral godkjenning

Det er oppnemnt ei ny klagenemnd med funksjonstid på tre år. Det vart gjennomført 5 møte i klagenemnda i 2011, der 50 saker vart behandla.

Tilsyn med byggjevaremarknaden

BE har utarbeidd forslag til handlingsplan for etaten si marknadsovervaking av byggprodukt. Mellom anna for å følgje opp forpliktingane i "varepakka", er det i planen ønske om å leggje til rette for eit meir aktivt tilsyn med byggprodukt basert på risikovurderingar. Som førebuing til dette har BE fått utarbeidd ein metode for å vurdere risikoen for at byggprodukt har mangel ved dokumentasjonen.

"Varepakka" føreset også at det blir gjort kontroll med byggprodukt som vert importerte frå land utanfor EØS-området. Det er tatt kontakt med tollvesenet for å få til ei avtale om grensekontroll.

BE har også teke initiativ til at europeiske myndigheiter for byggprodukt skal arrangere ein felles tilsynskampanje. Denne vil bli gjennomført i 2012, og i 2011 vart det jobba med å førebu denne.

BE har starta arbeidet med ei kvalitetshandbok for etaten sitt tilsyn med byggjevaremarknaden.

Å informere næringa om krava til produktokumentasjon er ein viktig del av marknadsovervakinga. Med knappe ressursar er BE avhengige av eit godt samarbeid med andre aktørar og fagmiljø for å nå ut med informasjon og bidra til auka kompetanse. BE

støttar SINTEF sitt informasjonsarbeid om produktdokumentasjon og PRODOK-prosjektet, som begge er arbeid som avlastar BE på dette området.

BE sitt forum for produktdokumentasjon samlar sentrale aktørar frå byggjenæringa og dei tekniske kontrollorgana for å diskutere problemstillingar knytt til produktdokumentasjon. Det vart gjennomført fleire møter i forumet i 2011.

Gjeldande byggjevaredirektiv er i EU erstatta av ei forordning som skal tre i kraft 1. juli 2013. Byggjevareforordninga har til formål å sikre at byggverk kan prosjekterast og oppførast slik at grunnleggjande krav til sikkerheit, helse og miljø blir tatt vare på. Forordninga byggjer på dei same prinsippa som byggjevaredirektivet. Arbeidet med å ta forordninga inn i EØS-avtala og gjennomføre ho i norsk rett er i gang. BE har bidrege i dette arbeidet med å skrive utkast til EØS-posisjonsnotat. BE har også utarbeidd ein plan for arbeidet med å gjennomføre forordninga i norsk rett. Tidsplanen er stram. Mange oppgåver må løysast fram mot 1. juli 2013.

Park- og tivolitilsynet, PTT

Veritas skal avvikle arbeidet sitt med PTT 1.1.12. Det same gjeld for Taubanetilsynet, som er underlagt Samferdsledepartementet. Etter ein prosess med aktuelle etatar og departementet er det no klart at Park- og tivolianlegg skal leggjast under Statens jernbanetilsyn frå 1.1.2012.

Endeleg rapport frå PTT ligg ikkje føre, men det er ikkje rapportert alvorlege hendingar på området i 2011.

Standardisering nasjonalt og internasjonalt

BE støtta også i 2011 opp under standardiseringsarbeid nasjonalt og internasjonalt. Vi bidrog med finansiering av prioriterte standardar gjennom støtte til Standard Norge. BE deltok i relevante standardiseringskomitear, m.a. energi, universell utforming, brannsikkerheit, tilstandsanalysar, akustikk og kontroll. BE deltar i sektorstyret for bygg og anlegg. BE deltar i eit samarbeidsprosjekt med Standard Norge der ein ønskjer å lage ein standard om formkrav til reglar for digitale regelsjekkarar. BE har kontinuerleg aktivitet for å overvake nasjonal og internasjonal standardisering som påverkar kravsnivået og implementeringa av det bygningstekniske regelverket.

Tryggleik og klimatilpassing

BE har jamn aktivitet innanfor fagområdet tryggleik med stort fokus på brannsikkerheit, m.a. med fullføringa av rettleiing til TEK og aktiv deltaking innanfor nasjonal og europeisk standardisering. BE er representert i utvalet som skal utarbeide ei NOU om framtidig utdanningsbehov for brannvesenet. BE er aktiv på fleire arenaer for å formidle informasjon til næring og kommunar, innlegg på "Brannvernkonferansen", deltaking i Landbrukets brannvernkomité, og ved samarbeid med DSB.

BE har levert høringsfråsegn til NOU om klimatilpassing og gitt innspel til stortingsmeldinga på dette fagområdet. BE har aukande aktivitet innanfor fagområdet, og BE deltar aktivt i fleire fora. BE har i denne perioden deltatt på fleire konferansar og seminar. Det er gjennomført ei vidareføring av klima- og sårbarheitsanalysen for bygningar i Noreg, som vart utført som grunnlag for NOU om klimatilpassing.

Arbeidsmål 3.3 Styrkt kompetanse og tilsyn i kommunane

Auka kommunalt tilsyn

Kommunane skal i ein toårsperiode ha fokus på handtering av avfall og miljøsanering i tilsynsarbeidet sitt. For å bidra til ei effektiv oppfølging av dette er det utarbeidd forslag til tilsynsrettleiingar for avfall.

BE har også i 2011 bidrege aktivt til arbeidet i storbynettverket for tilsyn. Kommunane har ei forskriftsfesta plikt til å prioritere tilsyn med avfallsplanar og miljøsaneringsbeskrivingar fram til 2013. BE har promotert tilsynsrettleiaren sin på området gjennom foredrag på konferansar arrangert av Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Hordaland. Konferansane BE har deltatt på, samla ca. 250 deltakarar.

Tilbakemeldinga på rettleiaren frå kommunar og byggjenæringa er god. Erfaringa er likevel at det er få kommunar som har eit operativt tilsyn på området, særleg blant mindre kommunar.

BE har fortsett å støtte aktiviteten i nasjonalt nettverk for gjennomføring av nasjonal handlingsplan for bygg- og anleggsavfall (NHP-nettverket).

BE bidreg til at det blir utarbeidd informasjonsmateriell i regi av NHP-nettverket, som på ein enkel måte skal forklare avfallsreglane i forskrifta, og dermed vere til hjelp for byggjenæringa og kommunar. Rettleiingsmaterialet er publisert på BE sine nettsider.


BE har laga eit notat om EU sitt rammedirektiv om avfall og verknader dette kan få for byggjereglane.

KoBE

KoBE-programmet – Kompetanse for betre eigedomsforvaltning i kommunane og fylkeskommunane – hadde sitt siste år som eige program i 2011. Det vert arbeidd med integrering av eigedomsforvaltning i etaten, slik at eigedomsforvaltning blir ivaretatt av verksemda på varig basis.

BE vil bidra til at IKT-verktøy som statlege og private eigedomsforvaltarar utviklar, blir tilrettelagt slik at dei også kan komme til nytte i kommunal eigedomsforvaltning. Dette vil være verktøy som nyttar BIM basert på opne internasjonale standardar.

Programmet har hatt hovudfokus på vidare arbeid med "Verktøykassen for folkevalde" samt utvikling av temaheftet "God kommunal eigedomsforvaltning", som er formidla til alle kommunar.



Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege bustader og bygg

Arbeidsmål 4.1 Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg

Tal på tilsyn i høve til energibruk og andre miljøtema

	2010	2011
Tal på tilsyn med fokus på energibruk	213	-
Tal på tilsyn med fokus på miljø og helse	149	-
Tal på tilsyn med fokus på ytre miljø	144	-
Tal på tilsyn med fokus på uteareal / universell utforming	302	-
Tal på tilsyn med fokus på planløsning / universell utforming	259	-
Tal på tilsyn med fokus på avfallsplanar og miljøsanering	231	-
Tal på tilsyn, inneklime (luftkvalitet, ventilasjon, lyd,)	0	-
Tal på tilsyn, universell utforming	0	-

Kjelde: KOSTRA, SSB; tal frå juni 2010. Tal for 2011 kjem i juni 2012.

Tilsyn skal gjennomførast av kommunane, og ikkje av BE. BE har ingen metode for å få inn tal utanom det som blir rapportert i KOSTRA.

Energi, klima og miljø

BE tar del i programma Framtidas byer FutureBuilt og i Lavenergiprogrammet.

EUs bygningsdirektiv krev at nybygg innan 2020 skal vere "nesten nullenergibygg". Vidare krev bygningsdirektivet at myndigheitene reviderer energikrava i teknisk forskrift minimum kvart femte år. Det blir forventa ei trinnvis innstramming av forskriftskrav mot 2020 for nybygg og totalrehabilitering. BE har eit dokument under utarbeiding som skal vise hovudtrekka i eit prosjekt der formålet er å få etablert ein langsiktig plan for ei trinnvis utvikling og implementering av stadig strengare energikrav i byggtknisk forskrift (TEK).

BE har utarbeidd utkast til notat om samordning av verkemiddel for energieffektivisering i bygg i samarbeid med Husbanken, Enova og NVE.

Miljøhandlingsplanen

Ein rapport om oppfølging av Miljøhandlingsplanen er sendt til departementet.

Programmet for byggjemiljø er avslutta. Nettstaden "byggjemiljø.no" vart drifta vidare av BE ut 2011. Det vart oppretta eit redaksjonsråd med engasjerte aktørar frå næring og organisasjonar. Innhaldet vil bli integrert i verksemda sin nye nettstad frå 2012.

BE vidarefører og vidareutviklar etablerte faglege samarbeidsfora, m.a. NHP-nettverket. BE har tatt initiativ til å etablere eit formelt samarbeid med andre myndigheiter og BAE-næringa med felles mål om å fase ut bruk av miljøgifter i konkrete byggjevarer.

BE har tatt initiativ til et samarbeid mellom myndigheiter og byggjenæringa om substitusjon av miljøgifter i byggjeprodukta. Initiativet er ei vidareføring av deler av arbeidet i Byggjemiljø og ei oppfølging av NOU 2010:9 - Eit Noreg utan miljøgifter. Hensikta med samarbeidet er å få til konkret utfasing av miljøgifter.

Nasjonalt Folkehelseinstitutt har starta eit forskingsprosjekt for å kartleggje miljøgifter i inneluft. BE støttar prosjektet slik at typiske miljøgifter i byggprodukt kan inngå i målingane som skal utførast. Resultata frå prosjektet vil liggje føre i 2012 og 2013, og vil gje ny kunnskap om eksponering for miljøgifter frå byggjevarer.

Arbeidsmål 4.2 Auka tal på universell utforma bustader, bygg og uteområde.

Regjeringa sin handlingsplan for universell utforming (UU) og auka tilgjengelegheit har tre hovudaktivitetar som angår BE: Informasjonsprogrammet UU i byggsektoren, (aktivitet- B3), Kompetanseprogrammet for politikarar og tilsette i kommunane, (aktivitet-K5) og etaten sin handlingsplan for UU (aktivitet-B4). Arbeidet blir rapportert særskilt.

Innanfor Informasjonsprogrammet universell utforming i byggsektoren, tiltak B3 i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit, er det sett i verk utvikling av digitale opplæringsmodular for bransjen, utvikling av ein kompetanseplan for prosjektering og utvikling av eit prosjekteringsverktøy for universell utforming av byggverk for publikum. Vidare er det gjeve tilskot til 4 høgskular/universitet til utarbeiding av plan for implementering av universell utforming i utdanninga. Det er igjen gjennomført ei undersøking om kjennskap og haldningar til universell utforming. Resultata viser framgang med omsyn til kjennskap, men viser at haldningane er noko mindre positive enn tidlegare år, noko vi antar heng saman med mykje negativt mediefokus på UU i 2011. Med bakgrunn i kritikk og mediefokus på dei nye reglane vart det òg tatt eit initiativ til ein workshop om praktisk forståing og andre problemstillingar knytt til implementering av reglane.

Innanfor Kompetanseprogrammet for politikarar og tilsette i kommunar og fylkeskommunar, K5 i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit, har det vorte gjennomført to opplæringskurs denne perioden. Totalt har no 42 instruktørar gått gjennom opplæringskurs. I 2011 var det 10 956 besøkande på nettstaden "Kompetanseprogrammet for universell utforming". I 2011 vart det gjennomført kurs i 37 kommunar. 884 politikarar og tilsette har deltatt på desse kursa.

Det vart starta opp eit samarbeid med Miljøverndepartementet om ein rettleiar for universell utforming av uteområde. Denne vart ferdigstilt hausten 2011. Det er òg utvikla ein felles plan saman med NTNU for implementering av UU innan høgskular og universitet.

For utvikling av indikatorar for universell utforming har BE eit samarbeid med Husbanken, Statsbygg og Kartverket for utvikling av indikatorar med utprøving i bygg og metodebeskrivingar for innsamling av data.

BE samarbeider med Husbanken, Nasjonalt installasjonsregister og SSB om utvikling av heisstatistikk. Tilstrekkeleg grunnlag for utarbeiding av statistikk for bygningar med heis vart ferdig i november 2011.



Effektiv og brukarorientert forvaltning

Ny strategi for verksemda med hovudfokus på utvikling mot eit nasjonalt fagorgan og ope kompetansesenter med visjon, misjon, kjerneverdier og prinsipp for medarbeidarskap er ferdigstilt og kommunisert og diskutert i interne forum. Vart lansert eksternt ved årsskiftet.

Nytt namn og ny grafisk profil vart vedteke og ferdigstilt i 2011 for det nye direktoratet.

Ny organisering av verksemda er fullført før årsskiftet, med siktemål om betre fagleg samordning, auka fokus på myndigheitsutøvinga gjennom ei ny avdeling og generell tydeleggjering av ansvar og oppgåver.

Kommunikasjonsstrategi er vidareutvikla til eit ferdig og gyldig dokument som er grunnlag for kommunikasjonsarbeidet i det nye direktoratet.

Nye nettsider er ferdigstilte og vart sette i drift etter planen 1. januar 2012.

Flytteprosessane for verksemda er ferdigstilte med nye lokale på Gjøvik og i Oslo. Total rehabilitering med ein felles kravspesifikasjon med basis i ny grafisk profil har gjeve felles identitet.

Nøkkeltal for sakshandsaminga: Tal på saker totalt: 8892. Tal på inn- og utgåande brev totalt: 19 153. Av desse er 15 200 knytt til arbeid med sentral godkjenning.

Andre føringar frå departementet

Det er i tildelingsbrevet gjeve ei rekke føringar for Statens bygningstekniske etat sitt arbeid i 2011.

Kommunikasjon og informasjon	Ny overordna kommunikasjonsstrategi er utvikla og vedtatt. Den dannar basis for kommunikasjonsarbeidet i det nye direktoratet. Nye nettsider vart ferdigstilte og lanserte ved årsskiftet. Ei oppgradering av arkivsystemet og tilknytning til OEP er under implementering.
Risikostyring og internkontroll	Følgd opp gjennom kvartalsrapporteringa.
Informasjonstryggleik	Vurdert som tilfredsstillande etter ein tidlegare gjennomgang av verksemda sin IKT-profil av Riksrevisjonen.
Rapportering i samhøve med mållova	Etaten er i dialog med Språkrådet etter svake resultat i 2010. Tiltak gjennomført for å betre situasjonen. Resultata for 2011 ser ikkje ut til å nå målet fullt ut.
Etiske retningslinjer	Ny utgåve av lokale etiske retningslinjer presentert i form av hefte saman med visjon, misjon og verdier.
Internasjonalt arbeid	Det er utarbeidd ein plan for prioriteringar i arbeidet. Området er styrkt gjennom nyttilsetjingar.
Evalueringar	Ny brukarundersøking er førebudd i 2011 og skal gjennomførast i 2012 for det som er aktuelt etter at KOSTRA no løyser deler av dette.
Personalpolitikk	Ny IA-avtale er inngått. Eiga omstillingsavtale inngått etter flyttevedtaket.
FoU	FoU-arbeidet er nemnt under dei ulike arbeidsmåla, og ei oversikt over prosjekta med status ved årsskiftet går fram av eige vedlegg.



3. Personalpolitikk, mangfold og inkludering

Kjønn&Lønn	Stillingsnivå	Kjønnsbalanse			Lønn		Deltid		Midlertidig tilsetning		Foreldrepermisjon		Legemeldt sykefravær		Tiltak 1 Rekruttering		Tiltak 2 Lønn	
		M%	K%	Tot Ant.	M Mnd	K Mnd	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M %	K %	M %	K %	M%	K%
		lår	lfjor															
Totalt i virksomheten	lår	47	53	57	48042	39862	7	13	3,7	2,9	16	84	4	9			100	83
	lfjor	48	52	58	44745	37302	3,5	14	3,5	3,3	9	91	1	5			100	83
Toppleidelse	lår	100	0	2	77663	-	-	-	-	-								
	lfjor	100	0	2	75495	-	-	-	-	-								
Mellomledelse	lår	67	33	5	61695	54699	-	-	-	-								
	lfjor	60	40	5	52850	51283	-	-	-	-								
Alternativ karrierevei Seniorrådgiver	lår	45	55	20	50954	46591	9	22	-	9					45	55	100	91
	lfjor	55	45	20	48716	45891	9	22	9	11					55	45	100	94
Saksbehandlere	lår	62	38	19	39862	39223	-	14	10	-								
	lfjor	63	37	19	37855	37169	-	14	-	-								
Kontor-tilsatte	lår	20	80	15	33169	32778	-	16	-	-								
	lfjor	0	100	12	-	31090	-	16	-	-								
Timelønne	lår			0														
	lfjor			0														

Tabell: Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn) 2011

Vi var ved årsskiftet 57 tilsette inkl. permisjonar. I 2011 hadde etaten ein høg turnover, noko som var ein klar konsekvens av at avdeling for sentral godkjenning vart flytta til Gjøvik. Dei fleste av dei tilsette valde å slutte, og det vart tilsett mange nye medarbeidarar til den utflytta avdelinga.

Sjukefraværet auka frå 4,7 % i 2010 til 8,2 % for 2011. Dette heng saman med vedtak om å flytte sentral godkjenning til Gjøvik og med hendinga 22. juli. Etaten sine lokale vart sterkt skadde ved attentatet. Bedriftshelsetenesta var tungt involvert i å følgje opp effektane for dei tilsette for begge desse hendingane, og var klare på at sjukefraværet etter dette var som ein kunne vente.

Etaten fornya i 2011 avtalen med NAV om inkluderande arbeidsliv. Det har vore jobba godt med oppfølging av sjukemelde med individuelle oppfølgingsplanar og dialogmøte.

Kjønnsbalanse: Statens bygningstekniske etat har 57 tilsette, 30 kvinner og 27 menn. Kvinnedelen i leiargruppa i Statens bygningstekniske etat er 20 pst.

Starta og planlagde likestillingstiltak: kjønn, etnisitet, religion og nedsett funksjonsevne

Rekruttering: Kjønnsfordelinga er framleis skeiv i nedre sjikt i Statens bygningstekniske etat sin stillingsstruktur, mens den har betra seg markert i øvre sjikt. Dette er ei følgje av etaten si målsetjing om å auke talet på kvinner innanfor alternativ karriereveg.

Etaten har eit mål om ti pst. innvandrarak blant dei tilsette. Dette er ein kontinuerleg prosess. Tilpassingsavtalen er grunnlaget for korleis rekrutteringsprosessar skal gjennomførast for å sikre målsetjinga. Kjønnfordelinga på seniornivå har no endra seg til å ha eit fleirtal av kvinner. Målet for prosentdel innvandrarak er òg oppnådd. Etaten deltar dette året i direktorata sitt traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne ved eit engasjement på 18 månader.

Lønns- og arbeidsforhold: Det er små forskjellar i lønn mellom kjønn. Forskjellen i gjennomsnittleg lønn mellom kvinner og menn skuldast at en stor prosentdel av dei kontortilsette er kvinner, og at det framleis er fleire menn enn kvinner i leiargruppa. Etaten har ved tilsetjingar i kontorsektoren ønskt å tilsetje menn, og har i nokon grad lukkast, trass i at det er sær få mannlege søkjarar. Etaten har i løpet av dei siste åra rekruttert fleire kvinner til dei høgare lønna seniorstillingane på saksbehandlarsida, og vil framleis halde fokus på denne utviklinga gjennom nyrekruttering og karriereutvikling internt.


Forfremjing: BE har ikkje utfordringar i forhold til kjønn på området.



4. Økonomi

Den totale økonomiske ramme for verksemda i Statens bygningstekniske etat var i 2011 på 83,1 millionar kroner. Inntektene våre frå arbeidet i Sentral godkjenning var på 29,2 millionar kroner, noko som utgjer ei eigeninntening på 35 %. Sentral godkjenning skal vere sjølvfinansierande, og dette året kosta ordninga 29,4 millionar kroner.

Kostnadane fordeler seg slik på dei ulike budsjettpostane:



Etaten er avhengig av sakkyndig bistand, m.a. frå byggjenæringa og forskingsmiljøa. I 2011 var utbetalingane til slik bistand og FoU-aktivitetar på til saman 23,6 millionar kroner.



STATENS BYGNINGSTEKNISKE ETAT